



Forskarikonferanse: Den europeiske fjørfekonferansen EPC, som blir arrangert kvart fjerde år, går av stabelen i Stavanger denne veka. Over 1000 forskarar frå heile verda deltek. Her fem av seks i organisasjonskomiteen: Frå høgre: Nils Steinsland, Birger Svihus, Trude Ulven, Benedicte Lund og Tone Steinsland.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

Fakta

European Poultry Conference 2014

- * Europeisk fjørfekonferanse for forskarar og vitskapsfolk. Går av stabelen kvart 4. år og er ein del av World's Poultry Science Association (WPSA).
- * Blir arrangert i Stavanger frå 23. til 27. juni.
- * 1030 påmelde deltakarar frå 72 ulike land, 200 føredrag og budsjett på nær 7 mill. kr.

* MAT- OG LANDBRUKSFORSKING

Drøftar fjørfeframtida

Over 1000 europeiske forskarar er samla i Stavanger denne veka for å diskutere alt frå dyrevelferd og grenser for vekst til matkvalitet og antibiotikaresistens.

STAVANGER. – Ein av fordelane med å vere ansvarleg for konferansen er at vi kan vere med å påverke val av tema. Her i landet er vi jo ekstra opptatt av dyrevelferd. Vi ønskjer å få til debatt om kva den veldige veksten fører til og om grenser for vekst, seier professor ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) på Ås, Birger Svihus.

Svihus er leiar for vitskapskomiteen, som har plukka ut 31 spesielt inviterte føredragshaldarar til European Poultry Conference (EPC) 2014.

– Små, men mykje å vise til
Over 1000 forskarar, vitskapsfolk og fagfolk frå heile verda er denne veka samla på den store europeiske fjørfekonferansen, som blir arrangert kvart fjerde år. Stavanger vann fram som arrangørstad

i kamp mot Russland og fjørfegiganten Nederland.

– Dette er fjørfeverdas svar på sommar-OL, så for oss var det stort berre å bli plukka ut som arrangør, seier Benedicte Lund i organisasjonskomiteen.

– Det var godt tildelinga skjedde i Frankrike, for der er tilgangen på sjampanje til feiringa god, seier Nils Steinsland og flirar.

Han er leiar for organisasjonskomiteen og begynte det møy-

samlege arbeidet med å få arrangementet til Stavanger alt i 2004. I europeisk samheng er Norge ein liten fjørfenasjon og fjørefemiljøet her i landet er oversiktleg.

– Vi er små, men vi har veldig mykje å vise fram. Produksjonen er ultramoderne, og både dyrehelsa og dyrevelferden er i verdensklasse, seier Steinsland.

Debatt om antibiotika

Deltakarane på konferansen kan velje blant 200 vitskaplege føredrag om alt frå genetik, reproduksjon og ernæring til dyrevelferd, produktkvalitet og medisinbruk. Den siste tida har debatten om antibiotika-resistens gått høgt i fleire europeiske land. Det vil vise igjen også på konferansen.

– Antibiotika-resistens er eit stort problem. Vi har invitert to føredragshaldarar som eg trur står litt på kvar si side i debatten. Det trur eg kan bli svært morsamt, seier Svihus, og viser til at legar, veterinærar og husdyrnæringa ofte prøver å dytte ansvaret for problema over på kvarandre.

Steinsland og dei andre næringsaktørane i organisasjonskomiteen seier at restriktiv bruk av antibiotika her i landet og ein generelt gunstig resistenssituasjon gjer det naturleg å ta opp temaet. I Norge er det forbod mot antibiotika i føret, det er lite vaksineringsbehov og forbruket av antibiotika i matproduksjonen er det desidert lågaste i Europa.

– Vi kan løfte fram diskusjonen på heimebane på eit felt der vi er gode, seier Lund, som er fjørfefagleg ansvarleg i Kjøtt- og fjørfeforsbransjens Landsforbund (KLF).

Forskarvisitt på gardsbruk

250 av deltakarane skal også på rundtur for å oppleve fjørfehaldet her i landet. Slaktekyllingproducent Oddmund Wiig, to rugeri og fleire industrianlegg får besøk av

forskarane. Dei får også servert lokal tradisjonsmat på Røysland Gaard, i tillegg til turar til Preikestolen og Lysefjorden.

– Sett med utanlandske auge trur eg vi har langt meir å vise fram enn det vi ofte kjem på sjølv, seier Nils Steinsland.

– Og så får dei sjå at det går godt å ha 7500 høner utan til dømes å trimme nebb, seier Tone Steinsland, og viser til at Norge er eit av svært få land i Europa der klipning av nebb er ulovleg.

– Kva håper de å få igjen for alt arbeidet som er lagt ned?

– Vi håper det kan vere med på å setje fjørfenæringa på dagsorden og heve vår eigen sjølvtilitt i kampen om å få dei beste hovuda til å velje ei framtid i næringa, seier Nils Steinsland.

– Så målet er ikkje å få til eksport av salmonellafrie egg?

– Nei, ikkje akkurat, men vi skal vel ikkje slå tanken heilt i frå oss. I Japan eksporterer dei egg til Hong Kong på grunn av godt rykte på kvalitet. Og dei har jo langt ifrå salmonellafrie egg, seier han.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no



FJØRFEVEKST

«Vi ønskjer å få til debatt om kva den veldige veksten fører til og om grenser for vekst.»

BIRGER SVIHUS,
PROFESSOR VED NMBU